

Planinitiativ

Detaljregulering for Gjølanger

Oppdragsgjevar	Sunnfjord Storsmolt AS
Kommune	Fjaler kommune
Gard- og bruksnr.	28/1 m.fl.
Prosjektnr.	22008
Dato	11.09.2024
Revisjonsnr.	1



Dokumentinformasjon

Oppdrag	Detaljregulering for Gjølanger
Oppdragsgjevar	Sunnfjord Storsmolt AS
Kontaktperson oppdragsgjevar	Sindre Øverbø
Oppdragsleiar Nordplan	Siri Gausemel
Fagleg ansvarleg	Siri Gausemel
Rapport utført av	Marte Turtum/Elisabet Digernes Eikås
Kommune	Fjaler kommune/28/1 m.fl.
Dokumentnummer	49-10-01 Planinitiativ

Innhold

Dokumentinformasjon	2
1 Opplysningar om oppdraget	4
1.1 Bakgrunn og føremål med planarbeidet.....	4
1.2 Forslagsstillar	4
1.3 Planområde og avgrensing.....	4
1.3.1 Dagens situasjon i planområdet	4
1.3.2 Avgrensing av planområdet	7
1.4 Forhold til gjeldande planverk	7
1.5 Planlagde tiltak og verknader av planforslaget.....	9
1.6 Samfunnssikkerheit.....	11
1.7 Varsling av tiltaket og prosessar for medverknad.....	14
1.8 Vurdering etter forskrift om konsekvensutredninger	14

1 Opplysningar om oppdraget

1.1 Bakgrunn og føremål med planarbeidet

På vegne av Sunnfjord Storsmolt AS sender vi planinitiativ og førespurnad om oppstartsmøte etter plan- og bygningslova § 12-8. Planinitiativet omtalar premissane for det vidare planarbeidet, og er grunnlag for gjennomføring av oppstartsmøte.

Planinitiativet er revidert etter oppstartsmøtet som blei halde 22. august 2024, for å inkludere tilpassingar og avklaringar gjort i møtet.

Formålet med planarbeidet er å gjennomføre ei detaljregulering som legg til rette for ny akvakultur ved Lyngnesholmane, samt utviding av eksisterande anlegg i Gjølanger. På grunn av større behov for og etterspurnad etter smolt er det nødvendig å utvide dagens kapasitet og å etablere eit nytt anlegg. Planområdet vil og inkludere deler av Solvikvegen (privat) og Gjølangervegen (fv. 607), som sikrar vegtilkomst til dei to områda.

Planområdet har eit areal på 207 daa, og omfattar areal på følgande gards- og bruksnummer: 28/1, 28/3, 28/20, 28/7, 28/2, 28/18, 28/11.

1.2 Forslagsstillar

Firma: Sunnfjord Storsmolt AS.

Kontaktperson: Sindre Øvrebø.

E-post: sindre@fremre.no.

Telefon: 473 54 709.


1.3 Planområde og avgrensing

1.3.1 Dagens situasjon i planområdet

Planområdet ligg i Fjaler kommune, ca. 11,14 kilometer frå kommunesenteret Dale (Figur 1). Planområdet ligg innerst i fjordarmen Gjølangeren, der elva Gjølangerelva renn ut, og består av både landareal og noko sjøareal.



Figur 1. Kartutsnittet viser plasseringa av planområdet med raud og kvit nål. Kjelde: norgeskart.no.



Figur 2 Planavgrensing

Området ved Lyngnesholmane er i dag eit næringsområde, der mellom anna bedrifta Mowi leiger landbase. Dei har kantine og verkstad på kaia, og tek båt ut frå landbasa. Den private Solvikvegen går frå Gjøllangervegen og inn til Solvika, med ein avstikkar ut til planområdet ved Lyngnesholmane. Vegen er ikkje asfaltert, men har elles god standard. Det er estimert at det køyrer tre til fem bilar dagleg til Lyngnesholmane i dag, i tillegg til nokre lastebilar per månad. I reguleringsplanen for området i Solvika skildrast vegen slik: «Planområdet har ein tilkomstveg – via fylkesveg 607 frå sør. Sjølvve tilkomstvegen, frå kryss ved fv. 607 til tiltaksområde, er privat og har ei lengd på 1,2 km. Tilkomstvegen har ei varierende breidde med om lag 3-4,5 m. Det føreligg ikkje opne data for trafikkmengd på den private vegen. Med bakgrunn i at det er eit mindre tal fastbuande langs vegen, genererer bustader liten trafikk i dag i dette området».

Området sør for utløpet til Gjølangerelva, heretter omtala som Gjølanger, består av Gjølanger Settefisk AS sitt anlegg. Frå Gjølangevegen og inn til området i Gjølanger er det estimert at det køyrer tre til fire bilar per dag i form av tilsette, og kanskje to lastebilar per veke.

Det ligg i dag ein fritidsbustad med tilhøyrande uthus i planområdet øst for Lyngnesholmane, denne har ikkje vegtilkomst fram til bustaden.

Av kulturminne er det på Miljøstatus registrert tre oppføringar innan planområdet (Figur 3), alle SEFRAK-registrert som bygningar frå før 1900 (tidsangjeving 1800-talet). Den SEFRAK-registrerte hytta som står på Gjølanger er rive.



Figur 3. Kartutsnittet viser plasseringa av SEFRAK-bygningane registrert i planområdet med raude trekantar. Det grønne feltet til venstre i biletet viser lokaliseringa av naturtypen «større tareskogfjørekomster». Kjelde: miljøstatus.no.

Det er i naturbase.no ikkje registrert nokon spesielle naturverdiar innanfor planområdet kva gjeld artar og naturtypar. Vest for planområdet, ved «Naustane», er naturtypen «større tareskogfjørekomster» registrert. Naturtypen er registrert med utforming «tareskog med kun stortare». Fjørekomsten er registrert med verdi B då den er større enn 10 000 m² og ligg i eit beskytta fjordområde (Figur 3). Tareskogfjørekomsten er modellert og ikkje validert i felt. Fjørekomsten ligg på ca. ein til ni meters djupne. Tareskog reknast som spesielt produktive økosystem med stor artsrikdom, og har og ein økologisk funksjon som oppvekst- og beiteområde for fisk. I følgje artskart.no er det registrert fleire sårbare (VU) og nær truga (NT) artar i nærleiken av det foreslåtte planområdet. Dei sårbare artane er granmeis, fiskemåke og ærfugl. Dei nær trua artane er gauk og tjeld.

Gjølangerbukta er av Havforskningsinstituttet registrert som lokalt viktig gytefelt for torsk (C-verdi). I eit notat frå Havforskningsinstituttet til Fiskeridirektoratet datert 24.8.2017, kjem Havforskningsinstituttet med forslag til kva for kategoriar av gytefelt for kysttorsk i fjordane og langs kysten mellom Svenskegrensa og Stadt som bør prioriterast og vurderast verna. Det aktuelle området er ikkje omtalt i dette notat som aktuelt for vern og som eit av områda som bør prioriterast.

1.3.2 Avgrensning av planområdet

Forslag til planavgrensning er synt i figur 2 (på side 5). Planområdet går langs Gjøllangervegen og Solvikvegen, og er ellers avgrensa av dei områda som er avsett til akvakultur i KPA for Fjaler kommune.

1.4 Forhold til gjeldande planverk


Foreslått planområde er omfatta av følgjande planar:

- Kommuneplanen sin arealdel, planID: 201803 (21.03.2024), sjå Figur 4.
- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014-2025.

Andre relevante planar:

- Detaljregulering for Solvika gbnr. 29/2, planID: 201705 (11.02.2019), sjå Figur 10.


I kommuneplanen sin arealdel, vedteke den 21.03.2024, er planområdet avsett til akvakultur (Figur 4).



Figur 4. kartutsnitt frå kommuneplanen sin arealdel. Lilla farge viser arealformål «akvakultur». Dei to ljosare lilla område er registrert med arealbruksstatus «noverande», medan dei mørkare lilla område er registrert med status «framtidig». Blått område er regulert til «ferdsel».


Innanfor planområdet er det i sjø angitt omsynssone H560, naturmiljø (Figur 5). I føresegna til kommuneplanen sin arealdel står dette om omsynssona:

§ 5.2.2 Bevaring naturmiljø (H560) a. Omsynssonene omfattar område som har særleg verdi for naturmiljø og biologisk mangfald, inklusive ålegrasenger og gyteområde for fisk. I desse områda skal langsiktig vern av det biologiske mangfaldet prioriterast og vektleggast ved handsaming av søknad om tiltak i områda. b. Innanfor sonene skal det som hovudregel ikkje gjerast inngrep. Dersom inngrep likevel vert vurdert, skal konsekvensane av tiltaket og framlegg til eventuelt avbøtande tiltak gjerast greie for.




Figur 5. Planområdet er omfatta av omsynssone naturmiljø (H560)


I kommuneplanen sin arealdel ligg det inne fleire omsynssoner som vil bli omfatta av det aktuelle planområdet: omsynssone snøskred S2 utan skogeffekt, omsynssone snøskredfare S3 (H310), omsynssone steinsprang (H310) og omsynssone høgspent (H370).




Figur 6. Kartutsnittet viser omsynssone snøskred S2 utan skogeffekt i KPA. Kjelde: kommunekart.no.



Figur 7. Kartutsnittet viser omsynssone snøskredfare S3 (H310) i KPA. Kjelde: kommunekart.no.



Figur 8. Kartutsnittet syner omsynssone steinsprang (H310) i KPA. Kjelde: kommunekart.no.



Figur 9. Kartutsnittet syner omsynssone høgspent (H370) i KPA. Kjelde: kommunekart.no.

Nord for planområdet ligg eit område med vedteken reguleringsplan «Detaljreguleringsplan for Solvika gbnr. 29/2, planID 201705» (Figur 10). Området er regulert for akvakultur (rosa farge), med LNFR areal (grøn), friluftsområde i sjø og infrastruktur.



Figur 10. Nord for foreslått planområde ligg område med vedteke reguleringsplan.

1.5 Planlagde tiltak og verknader av planforslaget

Planarbeidet har som mål å leggje til rette for etablering av akvakulturanlegg på Lyngnesholmane, samt utviding av anlegget på Gjøllanger.

Ved det eksisterande anlegget på Gjøllanger nyttar ein ferskvatn frå Tyssedalsvatnet og klekker rogn. Utvidinga av anlegget i Gjøllanger vil krevje meir areal enn dagens situasjon.

Smolten vil bli flytta over til nytt anlegg med saltvatn ved Lyngnesholmane. Ved Lyngnesholmane ønskjer ein å leggje til rette for påvekstanlegg for smolt. For å etablere påvekstanlegget kan ei mogleg løysing vere å fylle ut masser i vika innanfor Lyngnesholmane. Det vurderast å nytte stadeigne masser til dette tiltaket, som er tenkt sprengt ut frå skråninga rett nord for planlagt anlegg, innanfor planområdet (sjå Figur 11).



Figur 11. Figuren syner omtrentleg avgrensing for utfylling av massar, dersom det vert aktuelt, samt kvar massar kan hentast frå. Bakgrunnsbilete: kommunekart.com. Figuren er henta frå tidlegare planinitiativ utarbeida av Ard Arealplan.


Det vidare planarbeidet skal avklare og gjere naudsynt greie for følgande:

- Utnyttingsgrad, byggehøgder og -volum.
- Estetikk og byggeskikk, inkludert takvinkel, materialval og fargebruk.
- Køyretilkomst.
- Verknader for eksisterande verdiar knytt til landskap, naturmiljø, kulturmiljø og friluftsliv. Visuelle nær- og fjernverknadar.
- Behov for eventuell geoteknisk undersøking knytt til fylling.
- Behov for miljøundersøking.
- Risiko- og sårbarheitsforhald.
- Verknadar for eksisterande infrastruktur. Utarbeide rammeplan for vatn og avlaup.

1.6 Samfunnssikkerheit

Planinitiativet skal gjere greie for korleis samfunnssikkerheit skal ivaretaast i planarbeidet, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit. Under følgjer analyseskjema, som brukt ved ROS-analyse, brukt for å identifisere moglege uønska hendingar, samt eliminere problemstillingar som ikkje er aktuelle for nærare gjennomgang. Førrebeles vurdering vart diskutert under oppstartsmøtet.

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING		J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER
STORE ULUKKER	Eksplosjon, utslepp av farlege stoff,	N	Det er ikkje registrert slik fare i eller omkring planområdet i dag. Tiltaka i planen vil heller ikkje medføre slik fare.	Nordplan as
	Brann i bygning/ anlegg	J	Tiltaket som det ønskast å opne for vil auke fare for brann i planområdet noko. Responstida for utrykking er opptil 25 min (frå Dale). Brannvesenet vert varsla ved oppstart av planarbeidet.	Nordplan as KPA 2024-36 Fjaler
	Større ulykker (veg, bane, sjø, luft)	N	I følgje vegkart er trafikkmengda på FV 607 gjennom Gjølanger berekna til 400 ÅDT. Den private vegen som går vidare inn mot planområdet ved Lygnesholmane har ikkje berekna ÅDT. Med bakgrunn i at det er eit mindre tal fastbuande langs vegen, genererer bustader liten trafikk i dag i dette området. Tilkomsvegen til området i Gjølanger er berre nytta i forbindelse med trafikk til anlegget her. Vi har vurdert at det ikkje er fare for større ulykker i tilknytning til veg.	Nordplan as
	Storulykke objekt	N	Det er ikkje kjent storulykkeobjekt i eller tilgrensande planområdet.	Nordplan as
	Kollaps av bygning/ konstruksjon	N	Det er ikkje kjent fare for kollaps av bygning eller konstruksjon.	Nordplan as
	Akutt ureining	J	Det er ikkje kjent at det finns kjelder til forureining innanfor planområdet i dag, utover eventuell fare for forureining frå eksisterande anlegg i Gjølanger. Ny plan legg opp til ny akvakultur ved Lygnesholmane, noko som kan auke fara for forureining. Tiltak for å hindre/ redusere utslepp i forbindelse med akvakultur handterast i VAO rammeplan og sikrast i føresegner.	Nordplan as Fylkesatlas.no «Forureining»
	NATU RFARE	Flaum og stormflo	J	Deler av planområdet, ei lita sone langs Gjølangerelva, ligg innanfor aktsomheitssona for flaum jf. kart frå NVE.

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING	J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER	
				
Havnivåstigning	J	Ifølgje sehavnivå.no er vannstanden for sikkerheitsklasse 2 berekna til 262cm.	Sehavnivå.no	
Jord- og flaumskred, fjellskred med konsekvens tsunami eller oppdemming	N	I følgje kart frå NVE ligg ikkje planområdet innanfor potensiell faresone for jord- og flaumskred.	NVE/Fylkesatlas	
Snøskred	J	Ifølgje aktsomheitskart frå NVE er deler av planområdet omfatta av aktsomheitsssone for snøskred.	NVE/Fylkesatlas	
Steinsprang/steinskred	J	Ifølgje aktsomheitskart frå NVE er ein liten del av planområdet omfatta av aktsomheitsssone for steinsprang.	NVE/Fylkesatlas	
Kvikkleire	N	I følgje kart frå NVE er ikkje planområdet omfatta av potensielt fareområde for kvikkleire.	NVE kartkatalog	
Erosjon (langs vassdrag og kyst)	N	Det er vurdert at dette ikkje er relevant for planområdet da det ligg så skjerma til inst i ein fjord.	Nordplan as. Fylkesatlas	
Overvatn	J	Planområdet består i dag i hovudsak av skogdekte/grøne flater, sjø og noko asfalterte områder. Med etablering av nytt akvakulturanlegg ved Lyngnesholmane vil det bli ytterlegare tette flater i planområdet. Eventuelt behov for handtering av overflatevatn vil gjerast greie for i VAO-rammeplanen.	NVE kartkatalog	
Skog- og lyngbrann	N	Planområdet er i dag i hovudsak eit skogsområde. Brann i planområdet kan forårsake skogbrann. Det er ikkje kjent at det er spesiell brannfare knytt til planlagt aktivitet i planområdet. Det er vurdert at det ikkje er stor fare knytt til dette.	Nordplan as	
Ekstremvind	N	Ifølgje <i>Klimaprofil for Sogn og Fjordane (2022)</i> er det knytt stor usikkerheit til framskrivingane for vind, men truleg lita endring. Det er ikkje kjent at planområdet er særleg vindutsett, men ved ekstremvêr vil det potensielt kunne oppstå materielle skadar på bygningar og anna. Det er ikkje vurdert at risikoen for dette krev vidare utgreiing.	Norsk klimaservicesenter, klimaprofil Sogn og Fjordane	
KRITISKE SAMFUNN	Veg, bane, luftfart, skipsfart	N	Sjå punkt om trafikkulukke.	Nordplan as
	Vassforsyning-bortfall, skade, ureining		I vidare planarbeid må dette sjekkast opp med oppdragsgjevar og kommunen.	Nordplan as

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING		J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER
	Avlaupssystem bortfall, skade, ureining		Kart over eventuelle avlaupssystem innhentast frå kommunen. Løysingar for handtering av spillrvatn skal vurderast i det vidare planarbeidet, gjennom utarbeiding av VAO rammeplan.	Nordplan as
	Energi, gass og IKT bortfall, skade		Det skal hentast inn data frå lokalt nettselskap.	Nordplan as
	Overvassanlegg bortfall, skade		Aktuelle løysingar for overvatn skal vurderast i det vidare planarbeidet, gjennom utarbeiding av VAO rammeplan.	Nordplan as
	Frankome for utrykkingskøyretøy/ sløkkebil		Næraste brannstasjon ligg i Våge, 14 km frå planområdet. Elles ligg det og ein brannstasjon i Dale, 21,5 km frå planområdet. Planområdet har i dag etablert tilkomst via Fylkesveg 607 og vidare på Solvikvegen. Estimert køyretid frå brannstasjonen i Våge til Gjølanger Settefisk AS (i planområdet) er ca. 14 min. Frå Dale er estimert køyretid 23 min.	Nordplan as
	Tilgang på sløkkevatn		Det er ikkje kjent om det finns sløkkevasskjelder i planområdet i dag. Følgjast opp i vidare planarbeidet.	Nordplan as
	Trafikkulykke	N	Med etablering av akvakulturanlegg på Lyngneshollmane og utviding av anlegget ved Gjølanger vil det bli ei marginal auke i transport til områda, med kanskje 2-3 lastebilar per veke til begge områda. Vi vurderer at dette ikkje vil medføre auka risiko for trafikkulukker i/ tilgrensande planområdet. Planarbeidet skal gjere vurderingar knytt til transport til/ frå planområdet samt andre vurderingar knytt til trafikk.	Nordplan as

1.7 Varsling av tiltaket og prosessar for medverknad

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8, vert oppstart av planarbeidet varsla ved annonse i Firdaposten, samt på heimesidene til Nordplan og Fjaler kommune. Naboar og andre offentlege og private interessentar vil bli varsla direkte ved brev/e-post. Det vert ikkje lagt opp til medverknadsprosessar ut over det som er knytt til ordinær varsling i saka.

Førebels høyringsliste for offentlege og private høyringsinstansar leggst til grunn:

Namn	E-post
Statens vegvesen, region vest	firmapost@vegvesen.no
Statsforvalteren i Vestland	sfvlpost@statsforvalteren.no
Vestland fylkeskommune	post@vlfk.no
NVE Region vest	nve@nve.no
BKK Nett	kundepost@bkk.no
Mattilsynet	postmottak@mattilsynet.no
Sunnfjord miljøverk IKS	post@sum.sf.no
Fiskeridirektoratet	postmottak@fiskeridir.no
Kystverket	post@kystverket.no
Direktoratet for mineralforvaltning	post@dirmin.no
Naturvernforbundet	naturvern@naturvernforbundet.no
Fjaler kommune v/ brannsjef	Eivind.Antonisen@fjaler.kommune.no

1.8 Vurdering etter forskrift om konsekvensutredningar

Forslagsstillar har, jf. § 4 i forskrift om konsekvensutgreiingar (06/2017) (KU-forskrifta), ansvar for å vurdere om planen er omfatta av §§ 6, 7 og 8 i same forskrift.

Planen er ikkje omfatta av §§ 6 og 7, og løyser slik ikkje ut eit automatisk krav om konsekvensutgreiing. Tiltaka er vurdert etter § 8. Jf. § 8 bokstav a) skal reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Etter føresegnene til kommuneplanens arealdel for Fjaler kommune § 1.3 er det krav om konsekvensutgreiing ved utarbeiding av detaljreguleringsplan for felt VA10-15. Det er krav om følgjande utgreiingar og undersøkingar i KPA:

- Området må vurderast med omsyn til muldring.
- Naturfare må avklarast.
- Effekt på strandsone, landskap og naturmangfald m.m. må utgreiast.
- Det må gjerast vurdering av kva verknad tiltak vil ha for gytefeltet.

I vedlegg II pkt. 1 (jordbruk, skogbruk og akvakultur) bokstav F) er akvakultur lista. For å avgjere om tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn er det vurdert etter kriteria i § 10 i forskrift om konsekvensutgreiingar, vist i tabell under.

Eigenskapar ved planen eller tiltaket §10, andre ledd:

a) Storleik, planområde og utforming
Planområdet er 200 daa. Tiltak i planen inneber utviding av eksisterande smoltanlegg på Gjølanger, samt etablering av nytt smoltanlegg på Lyngneset. Planområdet omfattar strandsone og sjøareal.
b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar

Tiltaket vil medføre arealbeslag i sjø og på land. Det vert lagt opp til mogleg utfylling av massar i sjø. Desse massane skal hentast lokalt innanfor planområdet. Det er vurdert at tiltaka likevel er i eit slikt omfang at det ikkje vil utløyse krav om konsekvensutgreiing. Eventuell utfylling er estimert til å utgjere om lag 6900m².

Konsekvens for naturressursar er særleg knytt til viktig gytefelt for torsk innanfor planområdet i sjø. Dette gjeld særleg påverking gjennom beslag ved fylling og auka partikkelmengd i vassmassane som kan påverk larvene.

c) Avfallsproduksjon og utslepp

Massane til bruk i utfyllinga vil vere stadeigne massar. Tilstanden på desse massane er ikkje kjend.

d) Risiko for alvorlege ulukker og/eller katastrofar

Tiltaket vil ikkje medføre auka risiko for alvorlege ulukker i området.

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane §10, tredje ledd (eventuelle aktuelle punkt er utheva):

a)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markaloven § 11 ▪ utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI) ▪ prioriterte artar ▪ verna vassdrag ▪ nasjonale laksefjordar og laksevassdrag ▪ objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova
b)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ truga artar eller naturtypar ▪ verdifulle landskap ▪ verdifulle kulturminne og kulturmiljø ▪ nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar ▪ område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift ▪ områder som er særleg viktig for friluftsliv
c)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ statlege planretningslinjer ▪ statlege planføresegner eller regionale planføresegner
d)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ større omdisponering av område avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd
e)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar blir overskride
f)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Konsekvensar for folks helse, for eksempel som følgje av vass- eller luftforureining
g)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vesentleg forureining eller klimagassutslepp
h)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Risiko for alvorleg ulykke som følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum

Etter ei vurdering av § 10 ser ein at dei planlagde tiltaka kan vere i strid med statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald i planområdet kan vere mangefult, noko som kan bety at tiltaka kan kome i konflikt med truga artar eller naturtypar. Denne vurderinga etter § 10 er gjort på grunnlag av vår informasjon og den kunnskapen som er tilgjengeleg i offentlege databasar.

Føresegnene til KPA for Fjaler set dessutan krav om konsekvensutgreiing i planområdet, jf. § 1.3.

Relevante tema for konsekvensutgreiinga vil vere:

- Landskap
- Naturmangfald på land og i sjø
- Avrenning og ureining